



Arkivsaknr: 2024/738-1
Sakshandsamar: Rolf Martin Raknes
Avdeling: Fedje kommune

SAKSFRAMLEGG

Vedtak om oppstart planendring IKP_sjø for Fedje kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
52/2024	Formannskapet	03.09.2024
59/2024	Kommunestyret	12.09.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fedje kommunestyre vedtek at det vert starta opp arbeid med planendring for Fedje kommune sin del av interkommunal plan for sjø (region Nordhordland).
Vedtaket er har heimel i plan og bygningslova § 11-15 og § 11-14.

Handsaming i Formannskapet - 03.09.2024:

Vedtak i Formannskapet - 03.09.2024:

Fedje kommunestyre vedtek at det vert starta opp arbeid med planendring for Fedje kommune sin del av interkommunal plan for sjø (region Nordhordland).
Vedtaket er har heimel i plan og bygningslova § 11-15 og § 11-14.

Samrøytes vedteke.

Handsaming i Kommunestyret - 12.09.2024:

Vedtak i Kommunestyret - 12.09.2024:

Fedje kommunestyre vedtek at det vert starta opp arbeid med planendring for Fedje kommune sin del av interkommunal plan for sjø (region Nordhordland).

Vedtaket er har heimel i plan og bygningslova § 11-15 og § 11-14.

Samrøystes vedteke.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Fedje formannskap.

Saka skal avgjerast i Fedje kommunestyre.

Saka gjeld

Endring av Fedje kommune sin del av «Interkommunal plan for sjø» region Nordhordland.

Saksopplysning

Bakgrunn

Hausten 2023 vedtok kommunestyra i Region Nordhordland den interkommunale planen for sjøareal. Det einskilde kommunestyre vedtok arealplan for sitt areal med tilhøyrande felles føresegn, faktagrunnlag og konsekvensutgreiing.

Sakshistorikk

I samsvar med gjeldande kommuneplan vart det å sette av eit areal i Fedje kommune – Hjeltevarden til akvakultur. Kystverket og Statsforvaltaren hadde motsegn til dette, og saka vart ikkje løyst i meklingsmøte 25.09.2023. Fedje kommune sin representant i det interkommunale planutvalet var tydeleg på at dette forslaget til arealbruk måtte vere med og at kommunestyret sannsynlegvis vil anke den avgjerda til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd. I plan- og bygningslova (pbl) § 11-16 går det fram at dersom det er motsegn til klart avgrensa deler av planen kan øvrige deler av planen verte vedteke å ha rettskraftig verknad.

Fedje kommunestyre vedtok planen slik den låg føre, men vedtok samstundes å klage på motsegna knytt til forslaget om akvakulturområde ved Hjeltevarden til Kommunal- og distriktsdepartementet (kommunestyret 062/23).

Det vart gjennomført eit dialogmøte på Fedje 03.05.2024 der saka vart presentert. Møte vart leia av Kommunal- og distriktsdepartementet og i tillegg deltok representantar frå:

- Nærings- og fiskeridepartementet
- Klima- og miljødepartementet
- Miljødirektoratet
- Kystverket
- Statsforvaltaren i Vestland

Behov

Fedje kommune er ein liten og sårbar kommune som er heilt avhengig av lukkast med å utvikle lokale arbeidsplassar og verdiskaping. Folketalet har over lang tid gått nedover og det trengs konkrete tiltak for å snu dette. Heilt avgjerande vil vere utvikling av lokale arbeidsplassar. Maritim næring har lange tradisjonar på Fedje. I dag er det berre eit anlegg som er i drift og som gjev inntekter og arbeidsplassar. Kommunen har ikkje tid til å vente og sjå. Difor har kommunen, saman med lokale aktørar i næringa, sett på mogelege nye lokalitetar. I dette arbeidet er det kome fram at området innanfor Innersøyane kan vera ei god lokalisering. Kommunen har difor behov for å setje i gang ein endringsprosess for arealbruken i området. Fedje kommune vil at den interkommunale planen framleis skal vera gjeldane, og difor ser me dette som ei endring av planen.

Vurderingsgrunnlag

Det vil bli utarbeida ei konsekvensutgreiing for det konkrete forslaget til arealendring og ei vurdering av kva dette betyr for totalen for heile planområdet som gjeld alle dei 8 kommunane. KU vil følgje den same malen som vart nytta i arbeidet med den interkommunale planen for sjøareal.

Partar

Innvolverte kommunar i interkommunalt samarbeid. (region Nordhordland)

Statlege og regionale organ.

Interesseorganisasjonar.

Vurdering

Det er særstakt viktig for Fedje kommune å få til ei av klaring omkring bruken av sjøområda til akvakulturføremål. Kommunen står no i stillstand på dette området grunna motsegner. Kommunedirektøren vurderer på bakgrunn av dette og den klare politiske vilja på området, at det vil vera viktig å handsame nytt område snarast råd. Næringa sjølv peikar på Innersøyane som eit område som er eigna. Gjennom ein planendring med KU og medverknad vil dette nye området få same handsaming i høve til det regionale perspektivet. Det viktig å få fram eigna lokalitetar, ikkje berre for Fedje, men også sett i regional samanheng. Ein rår til endring av interkommunal plan då det vil sikre eins føresegner og vurderingar i tråd med tidlegare praksis i planarbeidet.

Alternativ

Alternativa til planendring for interkommunal plan er anten eigen reguleringsplan eller at området vert teke med i kommuneplanrulleringa.

Økonomiske konsekvensar

Planprosessen vil gjennomførast av Region Nordhordland IKS , på same viset som i den førre planprosessen. Dei andre kommunane vil bli orientert om saka i Regionrådet og vil der kunne kome med sine synspunkt til forslaget til endring. Dei andre kommunane vil også bli høyrt formelt når forslaget vert sendt ut på høyring. Det vil også bli presentert i Regionrådet. Føresegn og faktagrunnlag vil ikkje bli endra.

Prosjektet får finansiering frå interessentar innan havbruk og Region Nordhordland IKS vil hyre inn konsulent til prosjektet. I dette tilfellet Asplan Viak AS.

Det er ut frå dette liten økonomisk risiko for kommunen.

Risiko

Fedje kommune kan bli ståande utan utviklingsrom for havbruk.

Prosess omkring Hjeltevarden kan ha innverknad på ny lokasjon. Fordel med rask avklaring av Hjeltevarden.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at det vert starta opp arbeid med planendring for Fedje kommune sin del av interkommunal plan for sjø (region Nordhordland).

Vedtaket er har heimel i plan og bygningslova § 11-15 og § 11-14.